



TIME KOMMUNE
ORDFØRAREN

Saksbehandlar

Tone Storesætre, e-post: tone.storesatre@time.kommune.no

Dato: 17.01.2008
Arkiv: K1-103, K3-&13,
K1-
Vår ref (ArkivsakID.): 05/2246-8
JournalpostID.: 08/1086

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep.

0032 OSLO

Høyring nytt inntektssystem for kommunane. (Sørheimutvalet)

Det er gjort følgjande vedtak i sak 007/08:

Framlegg til vedtak:

Høyringsuttale blir vedtatt.

Time formannskap

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

FSK-007/08 Vedtak:

Høyringsuttale blir vedtatt.

Med helsing


Tone Storesætre
formannskapssekretær

Vedlegg: Saksdokument

Kopi: Kommunenes Sentralforbund

Gateadresse/Internettadresse:
Ame Garborgs vøg 30, 4340 Bryne.
<http://www.time.kommune.no>

Postadresse:
Postboks 38.
4349 Bryne.

Telefon rådhuset: 51 77 60 00
Telefon saksbehandlar: 51 77 60 12
Telefaks rådhuset: 51 48 15 00

Bankkonto: 3212 20 24422
Bankkonto skatt: 7855 05 11214
Organisasjonsnr.: 859 223 672



HØYRING NYTT INNTEKTSSYSTEM FOR KOMMUNANE (SØRHEIMUTVALET)

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Time formannskap	007/08	15.01.2008

Framlegg til vedtak:

Høyringsuttale blir vedtatt.

Time formannskap

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

FSK-007/08 Vedtak:

Høyringsuttale blir vedtatt.

HØYRING NYTT INNTEKTSSYSTEM FOR KOMMUNANE (SØRHEIMUTVALET)

Innleiing

Utvalet fekk i oppdrag å vurdere:

- skatten sin del av kommunale inntekter
- nivå på og utforming av inntektsutjamninga
- selskapsskatten som kommunal skatt
- regionalpolitiske grunngeve tilskot innanfor inntektssystemet
- behovet for eigne tilskot til vekst- og fråflyttingskommunar
- storleiken på skjønnsramma innanfor inntektssystemet
- ordninga med oppdateringa av folketal i utgiftsutjamninga
- behovet for overgangsordningar i inntektssystemet

Inntektene til kommunane består av eigenbetaling frå innbyggjarane, skatteinntekter, øyremerka statstilskot og rammetilskot. Skatteinntektene kjem vi tilbake til. Her vil vi bare forklare litt meir om kva rammetilskotet er.

Innbyggjartilskot

Innbyggjartilskotet blir gitt med eit likt beløp pr innbyggjar. I 2007 er dette 7105 kr. Dette utgjør for Time kommune 107 mill. kr.

Utgiftsutjamning

Utgiftsutjamninga skal setja kommunane i stand til å gje "like" tilbod uavhengig av befolkningsamansetninga. Nokre kommunar har mange dyre innbyggjarar (eldre, skuleelvar og frå 2009 barnehagebarn). Desse kommunane skal kunne setjast i stand til å gje alle desse eit godt tilbod. Time kommune får eit trekk på 31 mill. kr pga av få dyre innbyggjarar samanlikna med ein gjennomsnittskommune.

Utgiftsbehovet for Time kommune er innbyggjartilskot minus utgiftsutjamninga som blir 76 mill. kr

Rammetilskotet elles består av skjønnsmidlar, regionaltilskot, Nord-Noreg tilskot og selskapsskatt.

Innbyggjartilskot/Utgiftsutjamninga

Det er ein stor ulempe at utvalet ikkje fekk vurdere heile den statlege finansieringa av kommunane. Utvalet fekk ikkje vurdere kriteria i inntektssystemet og utgiftsutjamninga. Denne delen av inntektssystemet vart vurdert av eit anna utval (jf. Sak i 2006 - sjå kommunens internettside og søk på inntektssystem). Når desse sakene ikkje blir sett på samla, kan det bli trekt dårlege konklusjonar. Vekstkommunar skal i denne utgreiinga t.d. tilgodesjåast med eit eige veksttilskot, men når dette blir sett saman med føreslåtte endringar i utgiftskriteria får det ingen eller negativ effekt for mange.

Desse to utgreiingane bør sjåast samla sett og med samla effekt. Det vil nå også vera av stor interesse få innarbeidd effekten av nytt barnehagetilskotet som skal innlemmast i

rammetilskotet. For Time kommune utgjer barnehagetilskotet meir enn 1,5 gonger heile rammetilskotet. For oss er det viktig at barn 1-5 år nå blir gitt tilstrekkeleg vektlagt i kriteria slik at vi ikkje går frå ein minus i utgiftsutjamninga frå 31 mill. kr til t.d. 50 mill. kr pga av innlemming i rammetilskotet.

Det er også viktig at regjeringa fullfinansierer full barnehagedekning. Elles blir det slik at ved overgang til ramrefinansiering og objektive kriterium vil kommunar med full barnehagedekning overføre midlar til kommunar som fortsatt ikkje har klart målsettinga.

Skatten sin del av kommunale inntekter

Det er to forhold som trekkjer i kvar si retning her. Omsynet til lokal forankring tilseier høg skattedel, medan omsynet til fordeling, forutsigbarhet og stabiliseringspolitikken trekkjer i motsatt retning. Det har lenge vore eit mål at skattedelen av kommunesektoren sine inntektene skal utgjere om lag 50 %. Time kommune hadde i 2006 ein skattedel på 49,6 %.

Nokre kommunar har svært høge skatteinntekter og ønskjer at skatten skal utgjere ein større del av totalinntektene for då får dei meir inntekter og motsatt for skattesvake kommunar. Dersom skattedelen av kommunen sine inntekter skal auke ut over 50 %, må dette medføre større inntektsutjamning jf punkt nedanfor. Inntektsforskjellane mellom kommunane blir elles alt for store. Alle kommunar blir ikkje sett i stand til å yta dei forventa tenestene til innbyggjarane medan andre kan gje svært gode tenester. Time kommune meiner at 50 % skattefinansiering er eit greitt mål

Nivå på og utforming av inntektsutjamninga

Inntektsutjamninga gjeld utjamninga av skatt på formue og inntekt, naturressursskatt og selskapsskatt mellom kommunane. Eigedomsskatt og konsesjonskraftinntekter blir ikkje omfatta av ordninga.

Dagens praksis

Inntektsutjamninga er basert på at kommunar med skatt over landsgjennomsnittet blir trekt 55 % av skilnaden mellom eigen inntekter og landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet blir kompensert 55 % av skilnaden mellom egne skatteinntekter og landsgjennomsnittet.

I tillegg får dei kommunane som har inntekter under 90 % av landsgjennomsnittet, kompensert 35 % av skilnaden mellom egne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Denne tilleggskompensasjonen blir finansiert ved at alle kommunar får eit likt trekk pr innbyggjar som i 2006 var 300 kr.

Utvalets forslag

Inntektsutjamninga blir auka frå 55 % til 60 %. Tilleggskompensasjonen blir som før.

Vurdering

Det er i dag store skilnader mellom kommunane sine inntektsnivå. Dette skuldast i stor grad ulike skatteinntekter. Her er spørsmålet kor mykje skal vi ta frå dei rike og gje til dei fattige. Her må vi vurdere omsynet til lokal forankring med lokale skattar opp mot omsynet til at alle kommunar skal vera i stand til å gje eit godt tilbod til innbyggjarane. I dag er det nok for store forskjellar og Time kommune meiner at noko av forskjellen bør utjamnast. Om dette skal vera 60 % eller høgare er vanskeleg å vurdere. Det er i alle fall slik i dag at mange folkerike kommunar i utkanten av stor byar har relativt låge inntekter. Kommunar som Oslo og Stavanger har heilt andre føresetnader for tenesteproduksjonen. Også kommunar i utkantstrokk kan ha låge skatteinntekter, men mange av desse blir kompensert med regionaltilskot, Nord-

Noregtilskot eller skjønnstilskot og andre er kraftkommunar med store inntekter frå konsesjonskraft og eigedomsskatt på verker og bruk.

Forslaget til inntektsutjamning må også sjåast i samanheng med om selskapsskatten fortsatt skal vera kommunal.

Selskapsskatten som kommunal skatt

Dagens praksis

Selskapsskatten var frå 1999 til 2004 ein rein statsskatt. Frå 2005 vart selskapsskatten tilbakeført som kommunal skatt. Selskapsskatten blir fordelt mellom kommunane etter kor arbeidsplassane i den enkelte bedrift er lokalisert. Dette er ein rekneøving som blir gjort i Skattedirektoratet og som ikkje kan kontrollerast av kommunane. Vi har ikkje innsyn – delar av datagrunnlaget er taushetsbelagt. Selskapsskatten blir fordelt som ei overføring (rammetilskot) til kommunane to år etter at skatten er påløpt og tre år etter det inntektsåret skatten gjeld.

Utvalets forslag

Kommunal selskapsskatt bli avvikla.

Vurdering

Finansdepartementet har i dag full styring med nivået på selskapsskatt. Når skatten aukar for mykje, blir det kommunale skatteøyre sett ned – noko som skjedde for selskapsskatten vi får utbetalt i år. Det kommunale skatteøyre vart nedsett frå 4,25 % til 3,5 % for at ikkje selskapsskatten skulle auka for mykje sett frå Finansdepartementet sin synsvinkel.

Argument for kommunal selskapsskatt er å skape insentiv for lokal næringsutvikling. Med dagens utforming av selskapsskatten har Time kommune liten tru på at dette skaper insentiv for næringsutvikling. Vi klarer ikkje å sjå samanhengen. Lokal næringsutvikling er svært viktig for eit levande lokalsamfunn og verdien for kommunen går langt ut over om kommunen får selskapsskatt eller ikkje.

Selskapsskatten har store omfordelingsverknader. Det er bare 33 kommunar som vil tape på om selskapsskatten forsvinn, men dei har til gjengjeld store inntekter. Dette gjeld sentrale kommunar som t.d. Oslo, Stavanger og Bærum og i tillegg kjem mange kraftkommunar.

Selskapsskatten er også ein ustabil skatt og kan variere mykje frå år til år.

Time kommune meiner at selskapsskatten i si nåverande form, ikkje gir tilstrekkeleg insentiv til næringsutvikling. Då fell eit av dei viktigaste argumentet for kommunal selskapsskatt bort.

Dersom selskapsskatten skal bestå som kommunal skatt, bør det vurderast om skatteutjamninga skal aukast meir enn utvalet har føreslått.

Time kommune støtter utvalets innstilling og meiner at kommunal selskapsskatt bør avviklast.

Regionalpolitiske grunngjevne tilskot innanfor inntektssystemet

Dagens praksis

I dag blir det gitt regional- og distriktpolitiske tilskot gjennom Nord-Norge-tilskotet, regionaltilskotet og delar av skjønnstilskotet.

Nord-Norge-tilskotet blir gitt som eit beløp pr innbyggjar i Nordland (1 398 kr), Troms (2 682 kr) og Finnmark (6 553 kr). Til saman blir det utbetalt 1,2 mrd. kr i dette tilskotet.

Regionaltilskotet blir gitt til kommunar med mindre enn 3200 innbyggjarar. Eit fullt regionaltilskot pr kommune er for kommunar i Nord-Troms og Finnmark på 9 970 000 og for resten av landet på 5 083 000. Til saman blir det utbetalt 845 mill. kr til dette tilskotet.

I tillegg blir det gitt skjønnsmidlar som kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift. For Rogaland utgjer dette tilskotet 16,5 mill. kr og gjeld for 3 kommunar.

Utvalets forslag

Det blir føreslått at dei ulike tilskota blir slått saman til eit nytt distriktspolitisk tilskot. Tilskotet blir koplatt til distriktspolitiske verkeområde som elles ligg til grunn for distriktspolitikken. Det nye tilskotet blir fordelt med ein sats pr kommune og ein sats pr innbyggjar.

Vurdering

Time kommune meiner det er fornuftig å ha eit distriktspolitisk tilskot for å fremme grunnlag for busetnad i heile landet. Eit tilskot framfor mange gir ein lettare oversikt over verkemidla som blir brukt.

Tilskotet skal ivareta avstandsulempar og dårlege resultat med omsyn til sysselsetting, befolkningsutvikling og inntekt. Dette betyr at ein del små kommunar i Sør-Noreg om i dag mottar regionaltilskot ikkje lenger vil få tilskot. I Rogaland vil kommunar som Utsira, Kvitsøy og Bokn tape stort på omlegginga. Då utvalet meiner det er små avstandsulempar for desse kommunane.

Time kommune syns det viktig å gje distriktspolitiske tilskot og å samle dette i eit tilskot. På grunn av inntektsgarantien sjå eit seinare avsnitt, vil det gå mange år før dette i realiteten rammar desse kommunane.

Behovet for egne tilskot til vekst- og fråflyttingskommunar og oppdaterte folketal

Dagens praksis

For å sikre vekstkommunar rask kompensasjon for folkevekst blir innbyggjartalet pr 1.1 i budsjettåret lagt til grunn for rammetilskotet. Dette folketalet blir lagt til grunn både for innbyggjartilskot, utgiftsutjamninga og for inntektsutjamninga. Det betyr at kommunane først i juni i budsjettåret veit kva vi får i rammetilskot.

Utvalets forslag

Innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga skal byggja på folketalet pr 1.7 året før budsjettåret. Innbyggjartalet pr 1.1 i budsjettåret skal nyttast ved utrekninga av inntektsutjamninga.

Kommunar med sterk folkevekst skal tildelast ein eigen vekstkompensasjon. Denne går til kommunar som i løpet av ein treårsperiode har ein gjennomsnittleg folkevekst som er høgare enn det doble av landsgjennomsnittet og samtidig har skatteinntekter under 140 % av landsgjennomsnittet. Tilskotet blir 50 000 kr pr innbyggjar ut over grensa.

Vurdering

Tidspunkt for oppdatering av folketal er problematisk for innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga. Det er ein ting å framskrive befolkningsamansetninga i eigen kommune, men vi må framskrive for heile landet for å kunne budsjettere rammetilskotet. Sjølv om Time

kanskje kan tape litt på at tala ikkje er heilt oppdatert vil det likevel vera ein fordel at utvalet sitt forslag blir vedtatt slik det ligg føre.

Vi ser ein del problemstillingar i samband med utrekninga av vekstkompensasjonstilskotet. Folkeveksten i Noreg i 2007 kjem sannsynlegvis over 1 % og det betyr at ein kommune må ha folkevekst på over 2 % for å få veksttilskot. Kvifor knytte tilskotet opp til landets folkevekst? Utgiftspresset i den einskilte kommunen er ikkje mindre om folketalet på landsbasis også aukar mykje. Utgiftspresset i den einskilte kommune kjem også på ein mykje lågare vekstrate enn over 2 %. Når vi reknar rullerande treårsperiodar slår eit år mykje ut. Det er vel mest interessant å kompensera kommunar med vedvarande vekst over lengre tid. Investeringar i infrastruktur tar tid og veksttilskotet bør derfor basera seg på ein lengre vekstperiode som t.d. vekst over ein femårsperiode.

Time kommune føreslår at vekstkompensasjonen ikkje får bindingar til folkeveksten i landet, men til ein årleg vekstrate. Dette vil basert på folketalsendringar for perioden 1.1.2003-1.10.2007, gje følgjande utslag på talet på kommunar som får rett til tilskot og kompensasjonsbeløpet.

	Kommunar med rett til kompensasjon		Veksttilskot 5års periode	Veksttilskot 3års periode
Vekstperiode	5 år	3 år	50 000 pr innbyggjar	50 000 pr innbyggjar
1,3 % årleg vekst	36	46	205 mill	381 mill
1,4 % årleg vekst	30	45	142 mill	309 mill
1,5 % årleg vekst	22	41	102 mill	241 mill
1,6 % årleg vekst	19	35	85 mill	183 mill
1,7 % årleg vekst	15	27	69 mill	130 mill

Time kommune føreslår at årleg folkevekst på over 1,3 % pr år over ein femårsperiode gir grunnlag for tilskot. Dette vil gje ein samla kompensasjon på 205 mill. kr.

Rekna for perioden 1.1.2005-1.10.2007 med utvalets kriterier vil 24 kommunar få rett til vekstkompensasjon og denne vil bli på 105 mill. kr. Når det i utgreiinga blir rekna kva totalkompensasjonen er, er summen 177 mill. kr. Innsparinga skuldast at folkeveksten i heile landet blir så stor i 2007 samanlikna med 2004 som går ut av grunnlaget for berekning. Skal det vera eit tilskot som går ned når folkeveksten i landet går opp?

Storleiken på skjønnsramma innanfor inntektssystemet

Dagens praksis

Ein god del av skjønnsmidlane er i dag øymerka til bestemte formål som går igjen frå år til år.

Utvalets forslag

Føreslår å redusera skjønnsramma ved at tilskot til alle faste formål blir så lang råd er innlemma i rammetilskotet. Det som etter utvalet meining skal dekkast av skjønnsmidlar er spesielle lokale forhold som ikkje blir fanga opp av dei objektive kriteria i inntektssystem.

Vurdering

Time kommune er meiner det er greitt at skjønnsramma blir redusert når også faste tilskot blir tatt bort frå skjønnsramma slik at skjønnsstilskotet blir basert på skjønn i kvart einskild tilfelle.

Behovet for overgangsordningar i inntektssystemet

Dagens praksis

Ein god del av skjønnsmidlane er i dag øymerka til bestemte formål som går igjen frå år til år.

Utvalets forslag

Dagens overgangsordning blir erstatta av ein inntektsgaranti (INGAR) for sterkt negativ avvik frå landsgjennomsnittleg utvikling frå eit år til eit anna uansett kva årsakene til endringar er. Dersom kommunen si inntektsutvikling ligg meir enn 300 kr pr innbyggjar lågare enn landsgjennomsnittet skal kommunen bli kompensert. Alle kommunar får eit trekk i rammetilskotet for å finansierer den inntektsgarantien.

Vurdering

Det er bra det innført ein inntektsgaranti slik at inntektsutviklinga frå år til år ikkje avvik meir enn 300 kr pr innbyggjar frå landsgjennomsnittet. Dette gir meir forutsigbare inntekter i åra framover.

Vurderingane som er gjort ovanfor blir tatt inn som høyringsutale sjå nedanfor.

Framlegg til høyringsuttale:

Time kommune vil første kommentere eit par punkt som ligg utanfor inntektsutvalets mandat:

Innbyggjartilskot/Utgiftsutjamninga

Det er ein stor ulempe at utvalet ikkje fekk vurdere heile den statlege finansieringa av kommunane. Utvalet fekk ikkje vurdere kriteria i inntektssystemet og utgiftsutjamninga. Denne delen av inntektssystemet vart vurdert av eit anna utval (jf sak av 12.1.2006 sjå vedlegg). Når desse sakene ikkje blir sett på samla, kan det bli trekt dårlege konklusjonar. Vekstkommunar skal i denne utgreinga t.d. tilgodesjåast med eit eige veksttilskot, men når dette blir sett saman med føreslåtte endringar i utgiftskriteria får det ingen eller negativ effekt for mange.

Desse to utgreingane bør sjåast samla sett og med samla effekt. Det vil nå også vera av stor interesse få innarbeidd effekten av nytt barnehagetilskotet som skal innlemmast i rammetilskotet. For Time kommune utgjør barnehagetilskotet meir enn 1,5 gonger heile rammetilskotet. For oss er det viktig at barn 1-5 år nå blir gitt tilstrekkeleg vekt i kriteria slik at vi ikkje går frå ein minus i utgiftsutjamninga frå 30 mill. kr til t.d. 50 mill. kr pga av innlemming i rammetilskotet.

Det er også viktig at regjeringa fullfinansierer full barnehagedekning. Elles blir det slik at ved overgang til rammefinansiering og objektive kriterium vil kommunar med full barnehagedekning overføre midlar til kommunar som fortsatt ikkje har klart målsettinga.

Nivå på og utforming av inntektsutjamninga

Det er i dag store skilnader mellom kommunane sine inntektsnivå. Dette skuldast i stor grad ulike skatteinntekter. Her er spørsmålet kor mykje skal vi ta frå dei rike og gje til dei fattige. Her må vi vurdere omsynet til lokal forankring med lokale skattar opp mot omsynet til at alle kommunar skal vera i stand til å gje eit godt tilbod til innbyggjarane. I dag er det nok for store skilnader og Time kommune meiner at noko av skilnaden bør utjamnast. Om dette skal vera 60 % eller høgare er vanskeleg å vurdere. Det er i alle fall slik i dag at mange folkerike kommunar i utkanten av stor byar har relativt låge inntekter. Kommunar som Oslo og Stavanger har heilt andre føresetnader for tenesteproduksjonen. Også kommunar i utkantstrok kan ha låge skatteinntekter, men mange av desse blir kompensert med regionaltilskot, Nord-Noregtilskot eller skjønnstilskot og andre er kraftkommunar med store inntekter frå konsesjonskraft og eigedomsskatt på verker og bruk.

Forslaget til inntektsutjamning må også sjåast i samanheng med om selskapsskatten fortsatt skal vera kommunal.

Selskapsskatten som kommunal skatt

Finansdepartementet har i dag full styring med nivået på selskapsskatt. Når skatten aukar for mykje, blir det kommunale skatteøyre sett ned – noko som skjedde for selskapsskatten vi får utbetalt i år. Det kommunale skatteøyre vart nedsett frå 4,25 % til 3,5 % for at ikkje selskapsskatten skulle auka for mykje sett frå Finansdepartementet sin synsvinkel.

Argument for kommunal selskapsskatt er å skape insentiv for lokal næringsutvikling. Med dagens utforming av selskapsskatten har Time kommune liten tru på at dette skaper insentiv for næringsutvikling. Vi klarer ikkje å sjå samanhengen. Lokal næringsutvikling er svært

viktig for eit levande lokalsamfunn og verdien for kommunen går langt ut over om kommunen får selskapsskatt eller ikkje.

Selskapsskatten har store omfordelingsverknader. Det er bare 33 kommunar som vil tape på om selskapsskatten forsvinn, men dei har til gjengjeld store inntekter. Dette gjeld sentrale kommunar som t.d. Oslo, Stavanger og Bærum og i tillegg kjem mange kraftkommunar.

Time kommune meiner at selskapsskatten i si nåverande form, ikkje gir tilstrekkeleg insentiv til næringsutvikling. Då fell eit av dei viktigaste argumentet for kommunal selskapsskatt bort.

Dersom selskapsskatten skal bestå som kommunal skatt, bør det vurderast om skatteutjamninga skal aukast meir enn utvalet har føreslått.

Time kommune støtter utvalets innstilling og meiner at kommunal selskapsskatt bør avviklast.

Regionalpolitiske grunngjevne tilskot innanfor inntektssystemet

Time kommune er meiner det er fornuftig å ha eit distriktpolitisk tilskot for å fremme grunnlag for busetnad i heile landet. Eit tilskot framfor mange gir ein lettare oversikt over verkemidla som blir brukt.

Tilskotet skal ivareta avstandsulempar og dårlege resultat med omsyn til sysselsetting, befolkningsutvikling og inntekt. Dette betyr at ein del små kommunar i Sør-Noreg om i dag mottar regionaltilskot ikkje lenger vil få tilskot. I Rogaland vil kommunar som Utsira, Kvitsøy og Bokn tape stort på omlegginga. Då utvalet meiner det er små avstandsulempar for desse kommunane.

Time kommune syns det viktig å gje distriktpolitiske tilskot og å samle dette i eit tilskot. På grunn av inntektsgarantien sjå eit seinare avsnitt, vil det gå mange år før dette i realiteten rammar desse kommunane.

Behovet for eigne tilskot til vekst- og fråflyttingskommunar og oppdaterte folketal

Tidspunkt for oppdatering av folketal er problematisk for innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga. Det er ein ting å framskrive befolkningsamansetninga i eigen kommune, men vi må framskrive for heile landet for å kunne budsjettere rammetilskotet. Sjølv om Time kanskje kan tape litt på at tala ikkje er heilt oppdatert vil det likevel vera ein fordel at utvalet sitt forslag blir vedtatt slik det ligg føre.

Vi ser ein del problemstillingar i samband med utrekninga av vekstkompensasjonstilskotet. Folkeveksten i Noreg i 2007 kjem sannsynlegvis over 1 % og det betyr at ein kommune må ha folkevekst på over 2 % for å få veksttilskot. Kvifor knytte tilskotet opp til landets folkevekst? Utgiftspresset i den einskilde kommunen er ikkje mindre om folketalet på landsbasis også aukar mykje. Utgiftspresset i den einskilde kommune kjem også på ein mykje lågare vekstrate enn over 2 %. Når vi reknar rullerande treårsperiodar slår eit år mykje ut. Det er vel mest interessant å kompensera kommunar med vedvarande vekst over lengre tid. Investeringar i infrastruktur tar tid og veksttilskotet bør derfor basera seg på ein lengre vekstperiode som t.d. vekst over ein femårsperiode.

Time kommune føreslår at vekstkompensasjonen ikkje får bindingar til folkeveksten i landet, men til ein årleg vekstrate. Dette vil basert på folketalssendingar for perioden 1.1.2003-

1.10.2007 gje følgjande utslag på talet på kommunar som får rett til tilskot og kompensasjonsbeløpet.

	Kommunar med rett til kompensasjon		Veksttilskot 5års periode	Veksttilskot 3års periode
Vekstperiode	5 år	3 år	50 000 pr innbyggjar	50 000 pr innbyggjar
1,3 % årleg vekst	36	46	205 mill	381 mill
1,4 % årleg vekst	30	45	142 mill	309 mill
1,5 % årleg vekst	22	41	102 mill	241 mill
1,6 % årleg vekst	19	35	85 mill	183 mill
1,7 % årleg vekst	15	27	69 mill	130 mill

Time kommune føreslår at årleg gjennomsnittleg folkevekst på over 1,3 % pr år over ein femårsperiode gir grunnlag for tilskot. Dette vil gje ein samla kompensasjon på 205 mill. kr.

Rekna for perioden 1.1.2005-1.10.2007 med utvalets kriterier vil 24 kommunar få rett til vekstkompensasjon og denne vil bli på 105 mill. kr. Når det i utgreiinga blir rekna på totalkompensasjonen, er summen 177 mill. kr. Innsparinga skuldast at folkeveksten i heile landet blir så stor i 2007 samanlikna med 2004 som går ut av grunnlaget for berekning. Skal det vera eit tilskot som går ned når folkeveksten i landet går opp?

Storleiken på skjønnsramma innanfor inntektssystemet

Time kommune meiner det er greitt at skjønnsramma blir redusert når også faste tilskot blir tatt bort frå skjønnsramma slik at skjønnsstilskotet blir basert på skjønn i kvart einskild tilfelle.

Behovet for overgangsordningar i inntektssystemet

Det er bra det blir innført ein inntektsgaranti slik at inntektsutviklinga frå år til år ikkje avvik meir enn 300 kr pr innbyggjar frå landsgjennomsnittet. Dette gir meir forutsigbare inntekter i åra framover.

Rådmannen i Time, den 28.12.2007


Brit Nilsson Edland


Aud Steinsland
økonomisjef